

# MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Martin Kulild

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 15/3996 - 18/26430

Saksbehandlar:  
Grethe Elin Mjelde  
grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:  
07.09.2018

## Vedtak om fritak frå krav om vurdering for luftskrubber

Framo Holsnøy AS har luftskrubber for syredamp.

Den 10.2.17 og 14.3.18 søkte verksemda (e-post) om fritak frå «*Forskrift om miljørettet helsevern, Kapittel 3a, § 11 c*»; Innretning skal vurderast av eit akkreditert inspeksjonsorgan minst kvart 5. år.

### ➤ Historikk

- Framo Holsnøy AS har luftskrubber for syredamp som driftast heile året.
- Verksemda si luftskrubber vart vurdert av Purenviro som er eit akkreditert inspeksjonsorgan - den 15.12.16. Rapport datert 21.12.16 frå Purenviro klassifiserte anlegget i **risikogruppe 2, begrenset smittepotensiale**. Rapporten sa også at anlegget kan lett plasserast i **risikogruppe 3, lite smittepotensiale** ved å gjennomføre tiltak (Rapport frå Purenviro – vedlegg 1).
- I e-post datert 10.2.17 frå verksemda vart det bekrefta at verksemda har endra rutinane for innretninga i høve til merknader i rapporten til Purenviro.
- Miljøretta helsevern sende brev den 27.2.17 (vår ref. 15/3996 – 17/6686) om at verksemda måtte sende dokumentasjon på tiltak, samt resultat av prøvetaking (pH og kmtall) over ca. 1 år.
- 14.3.18 sende verksemda e-post med dokumentasjon på følgjande;
  - Skrubber er bygget om og vert fullstendig drenert
  - Rutine for opplæring av operatør
  - Rutine for reingjering av skrubber
  - Dokumentert måling av pH og kmtall, med fastsett tiltaksgrense
  - Risikovurdering
- Div. korrespondanse i saka fram til august 2018
- 16.8.18 vart det gjennomført møte og synfaring i verksemda. Luftskrubber og innretningar vart inspisert. Tilstade var Odd-Arne Apold og Atle Sørensen frå Framo Holsnøy og Grethe Elin Mjelde og Ingvild Lindborg (hospitant) frå Miljøretta helsevern.

## ➤ Lovverk

**Folkehelseloven kap. 3, Forskrift om miljørettet helsevern Kap 3a, §11 c**

### **§ 11c. Meldeplikt til kommunen og inspeksjonsordning**

*Virksomheter med kjøletårn og luftskrubbere skal melde til kommunen*

- a) ved første gangs oppstart, vesentlige utvidelser eller endringer og*
- b)når det er grunn til å tro at det foreligger alvorlige feil ved kjøletårn eller luftskrubber som kan medføre spredning av legionellasmitte.*

*Virksomheter skal i forbindelse med melding etter første ledd bokstav a, og deretter hvert femte år, legge frem for kommunen en vurdering av innretningen fra et akkreditert inspeksjonsorgan.*

**Kommunen kan gi unntak fra krav om ny vurdering hvert femte år for kjøletårn og luftskrubbere der vurderingen etter annet ledd viser at vekstbetingelsene for Legionella ikke er til stede.**

*Kommunen kan kreve fremlagt ny vurdering av innretningen fra akkreditert inspeksjonsorgan i tilfelle som nevnt i første ledd bokstav b, og som en del av gransking etter folkehelseloven § 13 annet ledd.*

## ➤ Vurdering

**Vannrapport 123 fra FHI:** Vekstbetingelser for legionellabakterier er dårlig og faren for smitte ikke anses som vesentlig når pH i alt prosessvann er under 3 eller over 10.

Framo Holsnøy har endra på driftsvilkåra på luftskrubber som brukast til å reinse avtrekksluft frå syrebad. pH på sumpvatn er endra til pH > 10. Tidlegare låg pH mellom 5 – 9, nå ca. 11. Dersom tilsetning av lut sviktar v/ev. feil, vil sumpvatn ha pH < 3, grunna vask av syredamp.

Det er kontinuerlig måling av pH i sumpen, samt manuell kontrollmåling kvar veke.  
pH-målar vert jamleg kalibrert og utskifta.

Kimtall vert kontrollert med Dip-slide metode, og er innafor tiltaksgrense.

Skjema var ikke påført tiltaksgrense noko det anbefalst å ha. Dette for lettare kunne oppdage ev. avvik.  
Kimtall bør kontrollerast jamleg sjølv om det ikke er fare for legionellavekst, da det er nytting som referansegrunnlag når effekten av drifts- og vedlikehaldsrutinar skal vurderast (tilgroing).

## ➤ Vedtak

**Framo Holsnøy AS** vert innvilga fritak frå § 11c i **Forskrift om miljørettet helsevern; fritak for krav om vurdering av akkreditert inspeksjonsorgan kvart 5. år.**

Dette basert på endring av rutinar og tilsendt dokumentasjon.

Vedtaket er heimla i **Folkehelseloven kap. 3, Forskrift om miljørettet helsevern Kap 3a, §11 c.**

Verksemda må foreta årleg risikokartlegging i samband med «*Folkehelseinstituttets veileder Vannrapport 123, kapittel 4.3 og 10.3.1.*»

Skulle det oppstå endringar i drifta, eller at det ved tilsyn avdekkast svikt i rutinane, samt at det kjem ny informasjon/kunnskap om saksfeltet, vil dispensasjon av fritak kunne trekkas. Kommunen kan då krevje ny vurdering av innretninga frå akkreditert inspeksjonsorgan (§ 11 c, fyrste ledd bokstav b).

Med helsing

Tord Moltumyr  
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
teknisk-hygienisk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
Rapport frå Pureviro

**Klage over vedtak:**

Kommunens enkeltvedtak kan påklagast til fylkesmannen etter folkehelseloven § 19.  
Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet klager blei kjent eller burde blitt kjent med vedtaket.  
Klagen sendast til Miljørettet helsevern, Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

**Link til forskrift:**

Forskrift om miljøretta helsevern, Kapittel 3a. Krav om å hindre spredning av Legionella via aerosol  
[https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-04-25-486/KAPITTEL\\_4#KAPITTEL\\_4](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2003-04-25-486/KAPITTEL_4#KAPITTEL_4)

**Kopi til:**  
Anny Bastesen  
Martin Kulild  
Meland kommune

Postboks 79      5906

FREKHAUG